



FYLKESMANNEN I HORDALAND
LANDBRUKSAVDELINGA

Rettleiing for tilskotsordningane | 2009



❖ Innhald

Innleiing	3
Søknadsinformasjon	4
Tilskotsordningar	5
Tema kulturlandskap	4
❖ <i>Organisert beitebruk</i>	5
❖ <i>Landskapsskjøtsel med ammegeit</i>	5
❖ <i>Skjøtsel av verdifullt innmarksbeite</i>	5
Kjenneteikn innmarksbeite	6
Innmarksbeite	6
❖ <i>Skjøtsel av brattlendte bruk</i>	7
Tema biologisk mangfald	8
❖ <i>Gamalnorsk sau</i>	
❖ <i>Vestlansk fjordfe og Vestlandsk raudkolle</i>	
❖ <i>Kystlynghei</i>	9
❖ <i>Artsrik slåttemark</i>	9
Kjenneteikn artsrik slåttemark	10
❖ <i>Skjøtsel av artsrik beitemark</i>	11
Kjenneteikn artsrik beitemark	11
❖ <i>Styvingstre</i>	12
Kjenneteikn styvingstre	12
❖ <i>Gamle verdifulle frukthagar</i>	13
❖ <i>Friområde for grågås</i>	13
Tema kulturhistoriske miljø og kulturminne... 14	
❖ <i>Freda bygg og kulturmiljø</i>	14
❖ <i>Automatisk freda kulturminne</i>	14
❖ <i>Steingardar</i>	15
❖ <i>Kyst og fjordgardar utan veg</i>	15
❖ <i>Stølsmiljø</i>	16
Tema friluftsliv	17
❖ <i>Tilskot til vedlikehald av turstiar</i>	17
Sjekkliste for skjøtsel	18
Forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland	22



INNLEIING

Regionalt miljøprogram (RMP) i Hordaland skal stimulere til å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket. Tilskota i miljøprogrammet er til liks med produksjonstilskot i jordbruket, ei årleg driftsstøtte til bruk som oppfyller visse vilkår.

Kven kan søkje om støtte?

Alle føretak som fyller grunnvilkåra for produksjonstilskot i jordbruket, som har landbruksdrift i Hordaland og som elles fyller vilkåra som vert stilt i dei ulike ordningane, kan søkje. Beitelag som er godkjente av Fylkesmannen i Hordaland og som oppfyller vilkåra som vert stilt, kan søkje på tilskotet til organisert beitebruk. For alle bruk som søker tilskot frå RMP, er det krav om miljøplan trinn 1. For nokre ordningar er det også krav om eigen dokumentasjon i form av sjekklister for skjøtsel.

Justeringar av programmet 2009

Regionalt miljøprogram har vore gjennom ei evaluering og rullering. Det er difor endringar i tilskotsordningane i høve til tidlegare år. Endringane fører til ei sterkare kopling mellom ordningane Spesielle tilskot til miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Tilskot frå det Regionale miljøprogrammet i Hordaland (RMP). SMIL kan til dømes nyttast til restaurering, medan RMP støttar årleg skjøtsel av areala eller objekta.

Ordninga tilskot til utegangarsau vert erstatta med tilskot til gamalnorsk sau, med nye retningsliner for kva dyr som gjev rett til tilskot. Ordninga tilskot til verdifullt innmarksbeite er endra med nye krav til godkjenning av areal, krava er skjerpa. Tilskot til stølsdrift er utvida til også å gjelde tilskot til foredling med sal frå støl. I tillegg er det etablert følgjande nye ordningar:



Tema Biologisk mangfald

- Tradisjonelle husdyrassar
 - Gamalnorsk sau
 - Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raudkolle
- Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar
 - Kystlynghei
 - Artsrik slåttemark
 - Artsrik beitemark
 - Styvingstre
 - Gamle, verdifulle frukthagar
- Friområde for grågås

Tema Kulturhistoriske miljø og kulturminne

- Freda bygg og kulturmiljø
- Automatisk freda kulturminne
- Steingardar
- Kyst- og fjordgardar utan veg

Friluftsliv

- Tilskot til vedlikehald av turstiar

SØKNADSINFORMASJON:

- Alle produsentar som søker tilskot frå Regionalt miljøprogram i Hordaland, skal nytte vedlagte søknadsskjema. **Søknadsfristen er 20. august 2009**
- Alle beitelag som er registrerte hjå Fylkesmannen i Hordaland, får tilsendt meir informasjon og eige søknadsskjema i posten innan eigen søknadsfrist; **15. november 2009**
- Bruk som inngår i samdrift, kan søkje tilskot frå regionalt miljøprogram kvar for seg eller samla etter same retningslinjer og praktisering som for produksjonstilskot i jordbruket.
- Eit bruk kan søkje om tilskot for all landbruksdrift som bruket driv, både på eige areal og på leigt areal. Tilskot til areal skal søkjast av det føretaket som disponerer arealet, jamfør retningslinjer for produksjonstilskot.
- Tilskot til beitedyr skal søkjast av det føretaket som disponerer dyra.
- Registreringstidspunkt/teljedato for opplysningar om areal og dyretal er 31. juli i søknadsåret. Unntak: Teljedato for gamalnorsk sau som beitar ute heile året er 1. januar i søknadsåret.
- Søknadsskjemaet skal leverast til kommunen. Det er kommunen som handsamar og godkjenner søknaden. Kommunen skal utføra kontroll i form av stikkprøvar av føretak, etter same retningslinjer som for produksjonstilskot.
- Eventuell klage på vedtak skal sendast til kommunen. Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans.
- Tilskot vert utbetalt til den einskilde søkjaren i mars 2010. Statens landbruksforvaltning står for utbetalinga.
- Føretak i Hordaland med landbruksdrift i fleire kommunar i fylket, skal levera søknaden til den kommunen der driftssenteret ligg.
- Føretak som har drift utanfor fylket, skal søkje vertskommunen/-fylket om støtte.
- Føretak utanfor fylket som har landbruksdrift i Hordaland, kan søkje støtte frå Regionalt miljøprogram i Hordaland FOR DEN DELEN AV DRIFTEN SOM FOREGÅR I HORDALAND, til dømes stølsdrift og organisert beitebruk. Søknaden skal sendast til vertskommunen i Hordaland.
- Alle tilskotssatsane i Regionalt miljøprogram for Hordaland er førebelse. Endelege satsar vert sett på grunnlag av søknadsmengde.

ORDNINGANE

Tema kulturlandskap

Utfordring

Ta vare på heilskaplege jordbrukslandskap som gjev regionen særpreg eller støttar opp om særmerkte driftsformer. Ordningane skal fange opp dei vesentlege ordningane som tidlegare var lagt inn under hovudområda attgroing og verdifulle kulturlandskap med særmerkte kulturhistoriske og biologiske verdier.

Mål med tema

RMP-tilskota under dette miljøtemaet skal nyttast til skjøtsel og vedlikehald av jordbrukslandskap og område som gjev Hordaland sitt preg ved tradisjonelle driftsformer.

§ 3 Organisert beitebruk



Tilskotet kan løyvast for å leggje til rette for fellesbeiting av utmarksareal og innmarksbeite. Tilskotet vert gjeve til organisert tilsyn og organisert sanking.

Ordninga gjeld for organiserte beitelag, godkjente av Fylkesmannen i Hordaland. Det er ei eiga forskrift med søknadsskjema for ordninga. Søknadsfrist er 15. november.

Førebelse satsar:

Småfe: kr 15,- pr dyr

Storfe: kr 30,- pr dyr

§ 4 Landskapsskjøtsel med ammegeit



Tilskotet kan løyvast til skjøtsel av beitemark med ammegeit. Ammegeit er geit over eitt år som har kjea minst ein gong, og som ikkje vert nytta i mjølkeproduksjonen. Ammegeita skal gå på inngjerda/avgrensa beiteområde i heile beiteperioden.

Førebels sats:

Ammegeit: inntil kr 350,- pr dyr

§ 5 Skjøtsel av verdifullt innmarksbeite



Tilskotet kan løyvast til aktiv skjøtsel av verdifullt innmarksbeite. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel. Arealet skal kartfestas i miljøplan trinn 1.

Førebels sats:

Verdifullt innmarksbeite: inntil kr 100,- pr daa

Maks utbetaling pr søkjar: kr 10 000,-

Kjenneteikn på innmarksbeite

Utsjånaden på innmarksbeita varierar mykje etter kor ein er i fylket, men felles for dei er at:

- ⇒ Dei ikkje kan haustast maskinelt, men vert nytta til beite.
- ⇒ Minst 50% av artane i feltsjiktet er grasartar og beitetålande urter, jf. krav i produksjonstilskot i jordbruket.
- ⇒ Det er inngjerding eller naturleg avgrensing mot utmark og anna areal.

Verdifulle innmarksbeite blir karakteriserte av at:

- ⇒ Krattskog, older, brake og andre buskar ikkje får breie seg. Det kan gjerne vere einskilde tre/buskar og små treklynger på området.
- ⇒ Greinar og kvist etter hogst vert rydda.
- ⇒ Det er kontroll på ugraset. Tistel, høymole, bregnar, siv og andre vekstar som dyra beiter dårleg, får ikkje spreie seg.
- ⇒ Beitepresset er tilpassa slik at området er nedbeita på slutten av sesongen.
- ⇒ Beitet er fritt for tråkkskader utanom dei naturlege vegane og opphaldsplassane til dyra.



Verdisetting

Godt skjøtta areal med lite ugras har høg beiteverdi, og er ein ressurs for drifta på garden. Slike beite er flotte å sjå til, og er verdifulle delar av kulturlandskapet. Slike opne beiteområde i god hevd er resultat av god skjøtsel og høveleg beitepress gjennom mange år.



Rettleiing for drifta

Dersom beitet er delvis attgrodd, må ein rydde før ein kan søkje om RMP-tilskot. Tilskot til rydding kan ein få gjennom SMIL-ordninga i kvar kommune.

Aktuelle tiltak for å få innmarksbeite som er velskjøtta og verdifullt:

1. Regelmessige tiltak mot krattvekst ved behov, til dømes rydde lauvkratt med ryddesag, luke småbrake eller beite med geit.
2. Årlege tiltak mot ugras, til dømes sambeiting med ulike dyreslag, hakke/luke tistel og høymole, punktsprøyting.
3. Beitetrykk tilpassa vegetasjonen: Tidleg beiteslepp om våren, beiting heile sesongen og høgt nok dyretal i høve til arealet. Om ein har lukkast med beitestyringa, er beitet nedbeita på slutten av sesongen.
4. Dersom området er tidlegare hagemark, er det ynskjeleg med skjøtsel av trea. Det er eigen tilskotsordning for styving.





§ 6 Skjøtsel av brattlendte bruk.



Tilskot kan løyvast til skjøtsel av fulldyrka og overflatedyrka areal brattare enn 1:5 og brattare enn 1:3. Tilskotet gjeld føretak der minst 50 % av fulldyrka og overflatedyrka areal er brattare enn 1:5. Det kan løyvast tilskot til maks 50 daa. Det er ein føresetnad at arealet vert slått eller pussa minst ein gong pr år.

Førebelse satsar:

Totalt bratt areal 1:5, 1-50 daa: inntil kr 150,-

Av dette bratt areal 1:3 med grasproduksjon, 1-50 daa: inntil kr 300,-

Av dette bratt areal 1:3 med fruktproduksjon, 1-50 daa: inntil kr 700,-

Maks utbetaling pr føretak: kr 25 000,-.

Tema biologisk mangfald

Utfordring

Ta vare på avgrensa landskap som representerer utsette leveområde for naturleg plante- og dyreliv, sjeldne naturtypar som kystlynghei, spesielle naturkvalitetar, ta vare på småbiotopar og enkelt-element som styvingstre. Ta vare på sjeldne genressursar som bevaringsverdige husdyrrasar.

Mål med tema

RMP-tilskota skal ta vare på spesielle naturkvalitetar, artsrike kulturmarkstypar og medverke til skjøtsel av utsette leveområde for naturleg plante- og dyreliv. Dette temaet må sjåast i samanheng med SMIL-ordninga.

§ 7 Tradisjonelle husdyrrasar



Gamalnorsk sau

Tilskot kan løyvast til dyr av rasen Gamalnorsk sau som beiter ute heile året, som tek opp det vesentlege av næringstrongen frå beite og som stort sett klarer seg sjølve. Sauen må vinterbeite på kystlynghei i minst tre månader. Sauen må vere eldre enn eitt år pr. 1. januar. Det er ein føresetnad at husdyrhaldet er forsvarleg med omsyn til dyrevelferd og dyrehelse. Teljedato er 1. januar.

Førebelse satsar:

Gamalnorsk sau: i intervallet 1-75 dyr: inntil kr 200,- pr dyr
i intervallet 76-200 dyr: inntil kr 100,- pr dyr



Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raudkolle

Tilskot kan løyvast til dyr av rasane Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raudkolle som føretaket disponerer 31. juli. Det vert gitt tilskot til mjølkeku, ammeku og okse som er over 1 år. Det er eit vilkår at dyret er omsøkt i produksjonstilskot i jordbruket og stettar krava til dokumentasjon der.

Førebelse satsar:

Vestlandsk fjordfe: inntil kr 1000 pr dyr.
Maks utbetaling pr føretak: kr 10 000,-

Kystlynghei

Tilskot kan løyvast til tradisjonell skjøtsel av kystlyngheiene. Med tradisjonell drift av kystlynghei meinast vinterbeiting og lyngsviing for å sikre god fornying av kystlyngen. Det er sett krav om minst 3 månader vinterbeite.

Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1.

Det er sett krav om utfylling av sjekklister for skjøtsel.

Omsøkt areal i Sunnhordland må vere kartfesta. Frå 2010 vert det sett krav om kartfesting av kystlyngheimråda i Midt- og Nordhordland. Sjå www.fylkesmannen.no/hordaland under Landbruk og Tilskotsforvaltning eller ta kontakt med ditt lokale landbrukskontor.

Førebels sats:

Kystlynghei: inntil kr 20,- pr daa

Maks utbetaling pr føretak:

kr 10 000,-

Krav om sjekklister for skjøtsel, sjå side 19.



Artsrik slåttemark

Tilskot kan bli gitt til skjøtsel av artsrike enger som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått. Gjødsling og jordarbeiding må ikkje, eller berre i liten grad, ha vore praktisert. Areala skal skjøttas i samsvar med retningslinjer frå Fylkesmannen.

Areal skal vere registrert i www.naturbase.no. Nye areal kan godkjennast av Fylkesmannen, men må då fylle kriteria for registrering i Naturbase.

Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1.

Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

Førebels sats:

Artsrik slåttemark: inntil kr 500,- pr daa

Maks utbetaling pr føretak: kr 10 000,-

Krav om sjekklister for skjøtsel, sjå side 19.

Kjenneteikn artsrik slåttemark



Artsrik slåttemark blir beita vår og/eller haust og slått på seinsommaren, og har ikkje vore oppdyrka, sådd til eller gjødsla på moderne vis. Beitinga heldt kraftige planter tilbake slik at låge arter får lys. Gamle slåttemarker i god hevd inneheld ofte mange urter/blomstrar, fordi dei får tid til å setje frø før slått. Det er vanlegvis lite av næringskrevjande artar som hundekjeks, løvetann, hundegras og krypsoleie.

Mål med tema

RMP-tilskota skal ta vare på spesielle naturkvalitetar, artsrike kulturmarkstypar og medverke til skjøtsel av utsette leveområde for naturleg plante- og dyreliv. Dette temaet må sjåast i samanheng med SMIL-ordninga.

Karakteristiske artar:

Urter: Ryllik, jordnøtt, tiriltunge og prestekrage.
Gras: Engkvein, gulaks, englodnegras, hjartegras og dunhavre.

Tilstand og verdi

I nyare tid har tradisjonelle slåttemarkar i god stand blitt sær sjeldne. Gamle slåttenger inneheld opptil 40 planteartar/m² og gjev eit variert og smakfullt fôr. Diversiteten av karplantar gjer dei til viktige leveområde for einskilde insekt. I dag har dei fleste områda anten grodd til, blitt dyrka opp eller blir brukt til sommarbeite. Ved å bruke slåtte-

markene på tradisjonelt vis, tar ein vare på arvestoffa i ymse fôrplantar og deira naturlege leveområde.

Rettleiing for drifta

Restaurering

Eng som til dels har grodd att, må ryddast for tre og buskar. Store tuer og kvist frå tre må fjernast. Tilskot til rydding og istandsetjing kan ein få gjennom SMIL-ordninga i kvar kommune. Vidare skjøtsel med vårbeite, haustbeite og slått må kome i gang same året. Spiring av frø som ligg i jorda på slike areal, kan auke talet på arter og dermed verdien av slåttemarka.

Årleg drift

Slåttemarka bør beitast godt ned i mai og i september-oktober kvart år. Kvist, klumpar av møk og tjukke moselag må rakast bort. Slåtten bør gå føre seg ein gong kvart år i juli-august med lett slåmaskin eller ljà og ca 7-10 cm stubbehøgde. Graset bør tørkast flatt eller i hesje, og må deretter takast bort frå staden. Dersom ein ikkje får tørka graset på staden, må slåttetidspunktet vere så seint at plantene likevel får frødd seg. Areal skal ikkje gjødslast, men kan kalkast med skjelsand dersom pH er under 4,0. Ta kontakt med fagfolk dersom du er i tvil om korleis enga skal skjøttast. Ta omsyn til eventuelle tilrådingar for ditt område gitt i www.naturbase.no



Artsrik beitemark

Tilskot kan løyvast til skjøtsel av artsrik beitemark som har vore i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding. Aktuelle område kan vere haugar, tørrbakkar eller andre stader der det har vore lite gjødsling. Areal skal skjøttast i samsvar med retningsliner fastsett av Fylkesmannen. Areal (naturtype) skal vere registrerte i www.naturbase.no som 'naturbeitemark', 'hagemark' eller 'strandeng'. Nye areal kan godkjennast av Fylkesmannen i forkant av søknadsomgangen, men må fylle kriteria for registrering i Naturbase. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

Førebels sats:

Artsrik beitemark: inntil kr 250,- pr daa

Maks utbetaling pr føretak: kr 10 000,

Krav om sjekklister for skjøtsel, sjå side 19.

Kjenneteikn artsrik beitemark

Artsrik beitemark er udyrka område som har vore beita kontinuerleg over lang tid, i fleire generasjonar. Områda har vore lite eller ikkje gjødsla, sprøyta eller jordarbeidd. Beitemarkene kan vere opne og trelause, tresette der trea ofte har vore hausta eller dei kan ligge på strand som regelmessig blir overfløymd av saltvatn/brakkvatn. Naturtype blir omtalt som naturbeitemark, hagemark og strandeng.

Verdi

I nyare tid har tradisjonell beitemark i god stand blitt stadig sjeldnare. Dei er viktige leveområde for ei rekkje sjeldne og trua karplantar, sopp og insekt. Av meir enn 140 kjente beitemarkssopp i Noreg, er 94 artar rekna som trua eller sårbare. Større naturbeitemarker kan òg vere viktige for fugleartar som storspove og vipe.

Karakteristiske artar:

Sopp: vokssopp, jordtunge

Urter: katterot, harerug, blåklokke, jordnøtt

Gras: finnskjegg, knegras, gulaks

Strandenger er grasdominerte, flate strender.

Rettleiing for drifta

Dersom beitemarka er delvis attgrodd, må ein rydde før ein kan søkje om RMP-tilskot. Tilskot til rydding kan ein få gjennom SMIL-ordninga i kvar kommune.

Artsrik beitemark er avhengig av vidare beiting,

men ein må ta nokre ekstra omsyn:

1. Unngå gjødsling på område som ikkje har vore gjødsla tidlegare. Ikkje auke gjødslinga på areal som tidlegare har vore svakt gjødsla. Gjødsling kan lokalt utrydde einskilte artar.
2. Unngå jordarbeiding eller isåing.
3. Om mogleg bruke same type beitedyr og same beitetid som i den tradisjonelle drifta. Dyreslaga beiter ulikt og planteartar kan forsvinne om ein skiftar dyreslag. Beiting heile sommaren har ulik innverknad på vegetasjonen enn beiting berre vår og haust.
4. Tilpasse beitetrykket. Tidleg beiteslepp er normalt gunstig. Beitet bør vere godt nedbeita på slutten av sesongen.
5. Om nødvendig rydde buskar, kratt og ugras som dyra ikkje et. På ope beitemark bør ein la nokre buskar og treklynger stå, om dette har vore vanleg. I hagemarker må ein ta vare på trea, og helst halde fram med hausting av trea for å unngå for mykje skugge og rotvelt.
6. Ta kontakt med fagfolk om du er i tvil om korleis beitemarka skal skjøttast. Ta omsyn til eventuelle tilrådingar for ditt område gitt i www.naturbase.no.



Styvingstre

Tilskotet kan løyvast til styvingstre som vert halde vedlike jamleg. Trea må styvast kvart femte til sjuande år. Det er ikkje krav om å nytte lauvet til fôr for å få tilskot.

Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1.

Førebels sats:

Styvingstre: inntil kr 150,- pr tre

Maks utbetaling pr føretak: kr 15 000,-

Krav om sjekklister for skjøtsel, sjå side 19.

Kjenneteikn styvingstre

Styving (naving/logging) er hausting av yngre greiner for å bruke lauv og bark som fôr. Haustinga vart tradisjonelt kombinert med uttak av ved, emnevirke, lindebast og anna. Trea vart kutta eit stykke over bakken for å unngå at dyr beita dei nye skota. Under og mellom trea var det slåtteeng eller beite.

Verdi

Styvingstrea fortel om intensiv utnytting av naturressursane og er ein viktig del av historia. Almelaub, men òg askelaub, er ekstra smakfullt og næringsrikt og vart brukt som medisin til dyra. Etter andre verdskrigen, har bruken av styvingstre gått sterkt tilbake, og dei fleste styvingsliene har no grodd att.

Fordi enkelte styvingstre er særleg gamle, husar dei ofte eit rikt artsmangfald av sopp og insekt. Dei karakteristiske trea er flotte å sjå til i kulturlandskapet.

Dersom det er meir enn 10-15 år sidan trea sist vart styva, må ein restaurere dei før ein kan søkje RMP-tilskot. Tilskot til istandsetjing av styvingstre kan ein få gjennom SMIL-ordninga i kvar kommune, sjå eigen rettleiing frå kommunen.

Rettleiing for jamleg vedlikehald:

1. Styving skal utførast kvart femte til sjuande år, avhengig av kva som er mest praktisk. Lengst tid mellom kvar styving gir best ved-

emne, medan tidleg kutting kan utførast enklare med kvistsag frå bakken.

2. For å få gode skot på styvingstreet bør ein kappe greinene nokre cm utanfor greinkragen (den synlege overgangen mellom stamme og grein), slik at noko av stubben står att. Dersom ein kappar for langt inn, kjem dei nye greinene dårlegare ut og får dårleg feste.
3. Der ein ikkje vil ha ny vekst, bør ein legge snittet ved kapping nær inntil greinkragen. Då gror såret godt. Sjølv greinkragen og gammal bark må ikkje skadast.
4. Dersom lauvet ikkje skal nyttast til fôr, er det praktisk å styva treet utan blad: frå seinhaustes og fram til før sevja stig.
5. Unngå sterk skjering om hausten, då dette kan forsinke vekstavslutninga og auke risikoen for frostskeidar. Unngå styving ved temperaturar under -10°C .
6. Bjørk må styvast før mars på grunn av kraftig og tidleg sevjeoppgang, og ho må ikkje skjeras på ettersommaren. Ho toler berre moderat styving, og nokre friske greiner bør stå att som livkvister.
7. Dersom lauvet skal nyttast til fôr, bør styvinga utførast når fôrverdien er høgst: kring jonsok og utover sommaren. Alm, lind, ask, bjørk, selje og rogn er godt fôr. La beitande dyr ete av kvistene eller lag kjerv som kan brukast til vinteren.

§ 8 Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar



Gamle, verdifulle frukthagar

Tilskot kan løyvast til gamle, verdifulle frukthagar over ein daa som vert drive ekstensivt og som har minst sju tre pr daa. Epleplantingar må vere meir enn 30 år gamle, og planta med grunnstamme A2 eller frøstamme. Plantingar av dei andre fruktslaga må vera minst 25 år gamle. Her er det ikkje krav om noka spesiell grunnstamme. Eple og søtkirsebærtre skal vere forma med vid krone utan midtstamme. For pære- og plommetre er det ikkje krav om vid krone. Trea bør ha minst 80 cm høg stamme (avstanden frå bakken og opp til nedste greinkrans). Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Skjøtsel må skje etter retningsliner fastsett av Fylkesmannen.

Førebels sats:

Gamle, verdifulle frukthagar: inntil kr 1200,- pr daa
Maks utbetaling pr føretak: kr 10 000,-

Krav:

- ⇒ Trea må skjerast minst annankvart år, og daude greiner må fjernast kvart år. Det er ikkje absolutte krav om plantevern, men frukta må haustast.
- ⇒ Ordninga er ikkje spesifikt knytt til gardsbruk med registrert frukt dyrking. Stelte frukthagar på bruk som elles ikkje har frukt dyrking, kan koma inn under ordninga.
- ⇒ Marka under trea må slåast i løpet av vekstsesongen, minst ein gong kvart år.

§ 9 Friområde for grågås



FOTO: MAGNUS JOHAN STEINSVÅG

Tilskot kan løyvast til friområde som førebyggjande tiltak, for å redusere det totale skadeomfanget av grågås i jordbruksområde. Tilskotet skal gå til areal som allereie er godkjente og kartfesta som friområde i lokal forvaltingsplan for gjess.

Førebels sats:

Friområde for grågås: inntil kr 1000,- pr daa
Maks utbetaling pr søkjar: kr 5000,-

Krav:

- ⇒ Tilskot skal gå til areal som er kartfesta som friområde i kommunal forvaltingsplan for gjess.
- ⇒ Gjeld berre areal som vert halden i god hevd gjennom slått og beiting.
- ⇒ Arealen bør ha vorte nytta av grågås som beiteområde det siste året.
- ⇒ Gjess skal ikkje jaktast, skremmast eller hindrast tilkome til friområdet.

Tema kulturhistoriske miljø og kulturminne

Utfordring

Ta vare på verdifulle enkeltelement og miljø som formidlar regional og lokal jordbruks-historie, som freda kulturminne og areala kring desse, steingardar, gamle bygningar og verdifulle kulturhistoriske miljø, som stølar og veglause kyst- og fjordgardar.

Mål

Vi ønskjer å gjere det økonomisk mogleg for gardbrukarane å ta vare på den felles kultur-arven som kulturminne og -miljø utgjer. Tilskota skal stimulere til skjøtsel av kulturminne og gjere desse tilgjengelege for ålmenta. Ordninga skal sjåast i samanheng med Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

§ 10 Freda bygg og kulturmiljø



Tilskot kan løyvast til vedlikehald av bygg og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, eller regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone.

Førebelse satsar:

Enkeltbygg: inntil kr 2000,-

Kulturmiljø (fleire bygg): inntil kr 5000,-

Krav

Det skal sendast søknad om dispensasjon for endring på bygg og anlegg freda etter Lov om kulturminne. Vedlikehald av bygningar og istandsetting av bygningar innanfor omsynssoner skal skje etter antikvariske prinsipp, og skal vere avklart med kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune.

§ 11 Automatisk freda kulturminne



Det kan løyvast tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne på innmarksareal, det vil seie kulturminne i jordbrukets kulturlandskap som er eldre enn reformasjonen (år 1537). Skjøtsel av automatisk freda kulturminne skal bli utført i samråd med kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune. **Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.**

Førebels sats:

Kulturminne: inntil kr 1000,- pr kulturminne

Maks utbetaling pr søkjar: kr 5000,-

Krav

Alle tiltak på/ ved automatisk freda kulturminne er søknadspliktige og må godkjennast av kulturminneforvaltninga i Hordaland før arbeidet vert starta opp. Kulturminnet skal haldast fritt for oppslag og krattvegetasjon.

§ 12 Steingardar

Det kan løyvast tilskot til vedlikehald av steingardar i jordbrukets kulturlandskap på innmark. Steingarden må vere minst 75 cm høg, haldast såpass fri for vegetasjon at den er synleg, og vere i slik stand at den framstår som eit gjerde i landskapet. Det skal vera eit oppmura gjerde, ikkje ei ryddingsrøys. Gjerdet treng ikkje å vere heile den opphavlege gjerdelinja, men den delen som det vert søkt om tilskot for, må framstå som heil.

Førebels sats:

Steingard: inntil kr 7 pr løpemeter.

Maks utbetaling pr føretak kr 10 000,-



§ 13 Kyst- og fjordgardar utan veg

Det kan løyvast tilskot til drift av veglause kyst- og fjordgardar. Det er krav om drift ved slått eller beiting av fulldyrka og overflatedyrka areal som er større enn 5 daa og som er utan veg, bru eller ferje. Det skal ikkje vere mogleg å transportere driftsmidlar eller avling direkte med kjøretøy til og frå garden. Det er krav om at drivar av bruket må vere bufast på garden.

Førebels sats:

Kyst- og fjordgardar utan veg:
inntil kr 25 000,- pr føretak





Tilskot kan løyvast til skjøtsel og forvaltning av stølsmiljø og stølslandskap. Føretaket må ha hovuddelen av mjølkeproduksjon med ku eller geit på stølen i minst 6 veker i sommarhalvåret, og produksjonen skal skje innafor kvote¹, eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk². Tilskotet vert gjeve til enkelt- eller fellesføretak.

1) Jf. forskrift av 7. januar 2003 nr. 14 om kvoteordninga for mjølk § 2.

2) Jf. forskrift av 24. juni 2003 nr. 777 om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling.

Førebels sats:

Enkeltstøl: inntil kr 25 000,-

Fellesstøl: inntil kr 25 000,-

Foredling med direktesal frå stølen: inntil kr 40 000,-

Vilkåra vert gradert etter drifta knytt til mjølkning, sal og beiting. Ordninga er knytt til storfe og geit.

- ⇒ Det skal mjølkast på stølen i minst 6 veker.
- ⇒ Stølinga skal lokaliseras til fjellregionen.
- ⇒ Det skal mjølkast minst 2 kyr eller 10 geiter dagleg.
- ⇒ Mjølka skal leverast til meieri eller vidareforedlast på stølen.
- ⇒ Stølen skal ha hus for opphald og overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka.
- ⇒ Drifta skal ha klar tilknytning til tradisjonell, lokal stølskultur, og produksjonen skal i hovudsak vere basert på beite på stølvoller og i utmark.
- ⇒ Beitetrykket skal være tilstrekkeleg til å halde vedlike kulturlandskapet knytt til stølen, om nødvendig ved hjelp av anna storfe enn mjølkeku.
- ⇒ Tilskotet vert løyvd pr støl. Dersom det er fellesstøl, skal tilskotet bli fordelt mellom dei involverte føretaka.
- ⇒ Det skal føreliggje nødvendig godkjenning for verksemda på stølen.
- ⇒ Foredling og sal av foredla produkt frå stølen må dokumenterast..

Tema friluftsliv

Utfordring

Sikre årleg skjøtsel og vedlikehald av jordbrukslandskap og -område som er tilrettelagt for ferdsel.

Mål:

RMP tilskotet skal nyttast til vedlikehald av turområde der ein har fått til samarbeidstiltak og merka turstiar med skilting.

§ 15 Tilskot til vedlikehald av turstiar



Det kan løyvast tilskot til jordbruksføretak som legg til rette for ferdsel på turstiar over/eller i kanten av innmarksareal. Ein kan også få tilskot til vedlikehald av driftsveggar som går i kanten av innmarksareal dersom desse er ein del av ein samanhengande tursti. Det er sett krav om samarbeidsavtale mellom grunneigarane om ferdsel over fleire eigedommar. Turstien må vere avmerka på kart og vere merka.


Førebels sats:

Sti: kr 3,- pr løpemeter

Maks utbetaling pr føretak: kr 5000,-

Det vert sett følgjande krav til søkjarar av ordninga:

- ☛ Det skal ligge føre samarbeidsavtale mellom grunneigarane for tilrettelagt ferdsel i minst 5 år.
- ☛ Turstien skal vere teikna inn på miljøplankartet trinn 1.
- ☛ Turstien må vere godt merka og skilta i terrenget og vere lett tilgjengeleg.
- ☛ Turstien må vere avmerka på kart tilgjengeleg for ålmenta.





SJEKKLISTE FOR SKJØTSEL FOR FØLGJANDE ORDNINGAR 2009:

- ❖ Tilskot til verdifullt innmarksbeite
- ❖ Tilskot til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei
- ❖ Tilskot til tradisjonell skjøtsel av artrik slåttemark
- ❖ Tilskot til tradisjonell skjøtsel av artsrik beitemark
- ❖ Tilskot til tradisjonell skjøtsel av styvingstre
- ❖ Tilskot til tradisjonell skjøtsel av automatisk freda kulturminne
- ❖ Tilskot til tradisjonell skjøtsel av steingardar

Set kryss ved dei tilskota du søker

Namn:

Gardsnr:

Bruksnr:

Organisasjonsnr:

Krav til kvalitet og tilstand

Sjekklista er utarbeidd for at du som søker lettare kan vurdere om grunnlaget for å søkje er til stades. Sjekklista skal oppbevarast saman med Miljøplan for bruket.

§ 5. Skjøtsel av verdifullt innmarksbeite

Utsjånad

ja nei

Er det aktuelle området fritt for tett krattvekst og har eit ryddig preg?

Er området nedbeita, men ikkje snaubeita på slutten av sesongen?

BEITEPRESS

I tillegg må ein ha utført minst eitt av følgjande tiltak for godt beitepress:

Tidleg beiteslepp om våren, før graset har blitt 10-15 cm høgt

Beiting minst 10 veker i løpet av sesongen

TRÅKKSKADE

Redusering av dyretalet i regnfulle periodar for å unngå tråkkskade

KRATTVEKST

Dersom ny krattvekst kjem opp, må ein i år eller i fjor ha utført minst eitt av følgjande tiltak:

Rydding av lauvkratt eller brake (ryddesag, luking eller anna)

Beiting med geit

UGRAS

Dersom det er ein del ugras på beitet, må ein ha utført minst eitt av følgjande tiltak:

Beiting med fleire ulike dyreslag gjennom sesongen

Luking DATO:

Punktsprøyting DATO:

Korleis blei arealet brukt i år?

For eigen del kan det vere nyttig å registrere beitebruken av arealet:

Beiteslepp	Dyreslag	Tal dyr	Beiteslutt

§8. Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar

Kystlynghei

ja nei

Vert lyngen halden i hevd ved sviing?

Går sauen på vinterbeite minimum 3 mnd?

§8. Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar

<i>Artsrik slåttemark</i>	<i>ja</i>	<i>nei</i>
Er enga attgrodd?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir enga hausta på seinsommaren kvart år?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir enga beita vår og haust?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir enga gjødsla?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir hausta gras fjerna frå enga?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er enga registrert i www.naturbase.no ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Godkjenning av nye areal

Sjølv om kartleggjing av naturtypar er gjennomført i alle kommunar, er ikkje alle område undersøkte nærmare. Areal som ikkje er registrert i Naturbase kan godkjennast, men må oppfylle krava som blir stilte for innlegging i Naturbase, det vil seie at verdien må vurderast ut frå artssamansetjing og tilstand. For ytterlegare informasjon kan ein kontakte Fylkesmannen si miljøvernavdeling eller lese meir om RMP på nettsida til Fylkesmannen (www.fylkesmannen.no).

§8. Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar

<i>Artsrik beitemark</i>	<i>ja</i>	<i>nei</i>
Blir arealet anten ikkje gjødsla, gjødsla svakare eller gjødsla like svakt som før?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir beitemarka fornya/jordarbeidd?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er heile eller delar av beitemarka attgrodd?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir arealet beita i år?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har arealet blitt nytta til beite jamleg dei siste 10 åra?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er beitet registrert i www.naturbase.no ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Godkjenning av nye areal

Sjølv om kartleggjing av naturtypar er gjennomført i alle kommunar, er ikkje alle område undersøkte nærmare. Areal som ikkje er registrert i Naturbase kan godkjennast, men må fylle krava som blir stilte for innlegging i Naturbase, det vil seie at verdien må vurderast ut frå artssamansetjing og tilstand. For ytterlegare informasjon kan ein kontakte Fylkesmannen si miljøvernavdeling eller sjå meir om RMP på nettsida til Fylkesmannen (www.fylkesmannen.no).

§8. Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar

<i>Styvingstre</i>	<i>ja</i>	<i>nei</i>
Blir trea styva kvart femte til sjuande år?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir området rundt trea halde ryddig med til dømes slått, beiting eller rydding?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir kappa greiner og kvist rydda og fjerna?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

§11. Tilskot til tradisjonell skjøtsel av automatisk freda kulturminne

<i>Utsjånad</i>	<i>ja</i>	<i>nei</i>
Er kulturminnet attgrodd?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir kulturminnet beita av sau?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir lauvkratt fjerna?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er kulturminnet fritt for rot og skrot?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er kulturminnet tilgjengeleg?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er kulturminnet registrert i http://askeladden.ra.no ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Døme på automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537)

Gravhaug/gravrøys, steinalderbuplass, hellar, hustuft, steinbrot, trekol/tjæremiler, jernvinneplass, rydningsrøys, åker, pløyespor, ardspar, jakt-, fiske- og fangstanlegg, veifar, vadestad, båtstø, båtopptrekk, seilmerker, hellerising, skålgrop, bygdeborg, tingstader, skålgrop og bautastein.

§12. Tilskot til tradisjonell skjøtsel av steingardar

<i>Utsjånad</i>	<i>ja</i>	<i>nei</i>
Er steingarden attgrodd?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er steingarden minst 75 cm høg?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Blir lauvkratt fjerna?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er steingarden fri for rot og skrot?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er kulturminnet registrert i http://askeladden.ra.no ?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har ålmenta tilgang til kulturminnet?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland

FASTSETT AV FYLKESMANNEN I HORDALAND 01. 07. 09 MED HEIMEL I LOV AV 12. MAI 1995 NR. 23 (JORDLOVA)
§ 3 OG § 18 OG DELEGASJONSVEDTAK I BREV AV 14. DESEMBER 2004 FRÅ LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET.

§ 1 Føremål

Føremålet med tilskot til frå regionalt miljøprogram for jordbruket i Hordaland er å medverke til eit aktivt og berekraftig landbruk, styrking av regionen sin eigenart og fremje og utvikle dei natur- og kulturhistoriske verdiane i kulturlandskapet.

§ 2 Grunnvilkår.

Tilskot kan løyvast til føretak som har rett tiltilskot etter forskrift om produksjonstilskot i jordbruket eller er organiserte beitelag godkjente av Fylkesmannen i Hordaland. Tilskot vert gjeve etter satsar, soner, definisjonar m.m. fastsett av Fylkesmannen i Hordaland. Det er sett krav om Miljøplan trinn 1.

§ 3 Organisert beitebruk

Tilskotet kan løyvast for å leggje til rette for fellesbeiting av utmarksareal og innmarksbeite. Tilskotet vert gjeve til organisert tilsyn og organisert sanking. Ordninga gjeld for organiserte beitelag, godkjente av Fylkesmannen i Hordaland. Det er ei eiga forskrift med søknadsskjema for ordninga. Søknadsfrist er 15. november.

§ 4 Landskapsskjøtsel med ammegeit

Tilskotet kan løyvast til skjøtsel av beitemark med ammegeit. Ammegeit er geit over eitt år som har kjea minst ein gong, og som ikkje vert nytta i mjølkeproduksjonen. Ammegeita skal gå på inngjerda/avgrensa beiteområde i heile beiteperioden.

§ 5 Skjøtsel av verdifullt innmarksbeite

Tilskotet kan løyvast til aktiv skjøtsel av verdifullt innmarksbeite. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

Arealet skal kartfestas i miljøplan trinn 1. Det er sett krav om utfylling av sjekklister for skjøtsel.

§ 6 Skjøtsel av brattlendte bruk.

Tilskot kan løyvast til skjøtsel av fulldyrka og overflatedyrka areal brattare enn 1:5 og brattare enn 1:3. Tilskotet gjeld føretak der minst 50 % av fulldyrka og overflatedyrka areal er brattare enn 1:5. Det kan løyvast tilskot til maks 50 daa. Det er ein føresetnad at arealet vert slått eller pussa minst ein gong pr år.

§ 7 Tradisjonelle husdyrassar

(1) **GAMALNORSK SAU** Tilskot kan løyvast til dyr av rasen Gamalnorsk sau som beiter ute heile året, som tek opp det vesentlege av næringstrongen frå beite og som stort sett klarer seg sjølve. Sauen må vinterbeite på kystlynghei minst tre månader. Sauen må vere eldre enn eitt år pr. 1. januar. Det er ein føresetnad at husdyrhaldet er forsvarleg med omsyn på dyrevelferd og dyrehelse. Teljedato er 1. januar.

(2) **VESTLANDSK FJORDFE OG VESTLANDSK RAUDKOLLE** Tilskot kan løyvast til dyr av rasane Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raudkulle som føretaket disponerer 31. juli og som er omsøkt i produksjonstilskot i jordbruket. Det vert gitt tilskot til mjølkeku, ammeku og okse som er over 1 år. Det er eit vilkår at dyret er omsøkt i det generelle produksjonstilskotet og stettar krava til dokumentasjon der. Det er også eit vilkår at dyret har tilgang på beite.

§ 8 Skjøtsel av verdifulle kulturmarkstypar

(1) **KYSTLYNGHEI** Tilskot kan løyvast til tradisjonell skjøtsel av kystlyngheiene. Med tradisjonell drift av kystlynghei meinast vinterbeiting og lyngsviing for å sikre god fornying av kystlyngen. Det er sett krav om minst 3 månader vinterbeite. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

(2) **ARTSRIK SLÅTTEMARK** Tilskot kan bli gitt til skjøtsel av artsrike enger som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått. Gjødsling og jordarbeiding må ikkje, eller berre i liten grad, ha vore praktisert. Areal skal skjøttas i samsvar med retningslinjer fastsett av Fylkesmannen. Areal skal vere registrert i www.naturbase.no. Nye areal kan godkjennast av Fylkesmannen, men må då fylle kriteria for registrering i Naturbase. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

(3) **ARTSRIK BEITEMARK** Tilskot kan løyvast til skjøtsel av artsrik beitemark som har vore i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding. Aktuelle område kan vere haugar, tørrbakkar eller andre stader der det har vore lite gjødsling. Areal skal skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsett av Fylkesmannen. Areal (naturtype) skal vere registrerte i www.naturbase.no som 'naturbeitemark', 'hagemark' eller 'strandeng'. Nye areal kan godkjennast av Fylkesmannen i forkant av søknadsomgangen, men må fylle kriteria for registrering i Naturbase. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

(4) **STYVINGSTRE** Tilskotet kan løyvast til styvingstre som vert halde vedlike jamleg. Trea må styvast kvart femte til sjuande år. Det er ikkje krav om å nytte lauvet til fôr for å få tilskot. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

(5) **GAMLE, VERDIFULLE FRUKTHAGAR** Tilskot kan løyvast til gamle, verdifulle frukthagar over 1 daa som vert drive ekstensivt og som har minst 7 tre pr daa. Epleplantingar må vera meir enn 30 år gamle, og planta med grunnstamme A2 eller frøstamme. Plantingar av dei andre fruktslaga må vera minst 25 år gamle. Her er det ikkje krav om noka spesiell grunnstamme. Eple og søtkirsebærte skal vera forma med vid krone utan midtstamme. For pære- og plommetre er det ikkje krav om vid krone. Trea bør ha minst 80 cm høg stamme (avstanden frå bakken og opp til nedste greinkrans). Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Skjøtsel må skje etter retningslinjer fastsett av Fylkesmannen.

§ 9 Friområde for grågås

Tilskot kan løyvast til friområde som førebyggjande tiltak, for å redusere det totale skadeomfanget av grågås i jordbruksområde. Tilskotet skal gå til areal som allereie er godkjente og kartfesta som friområde i lokal forvaltingsplan for gjess. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1.

§ 10 Freda bygg og kulturmiljø

Tilskot kan løyvast til vedlikehald av bygg og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, eller regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1.

§ 11 Automatisk freda kulturminne

Det kan løyvast tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne på innmarksareal, det vil seie kulturminne i jordbrukets kulturlandskap som er eldre enn reformasjonen (år 1537). Skjøtsel av automatisk freda kulturminne skal bli utført i samråd med kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1. Det skal fyllast ut sjekklister for skjøtsel.

§ 12 Steingardar

Det kan løyvast tilskot til vedlikehald av steingardar på innmark i jordbrukets kulturlandskap. Steingarden må vera minst 75 cm høg, haldast såpass fri for vegetasjon at den er synleg, og vera i slik stand at den framstår som eit gjerde i landskapet. Det skal vera eit oppmura gjerde, ikkje ei ryddingsrøys. Gjerdet treng ikkje å vere heile den opphavlege gjerdelinja, men den delen som det vert søkt om tilskot for, må framstå som heil. Det er krav om kartfesting i Miljøplan trinn 1.

§ 13 Kyst- og fjordgardar utan veg

Det kan løyvast tilskot til drift av veglause kyst- og fjordgardar. Det er krav om drift ved slått eller beiting av fulldyrka og overflatedyrka areal som er større enn 5 daa og som er utan veg, bru eller ferje. Det skal ikkje vere mogleg å transportere driftsmidlar eller avling direkte med kjøretøy til og frå garden. Det er krav om at brukar av bruket må vere bufast på garden.

§ 14 Stølsmiljø

Tilskot kan løyvast til skjøtsel og forvaltning av stølsmiljø og stølslandskap. Føretaket må ha hovuddelen av mjølkeproduksjon med ku eller geit på stølen i minst 6 veker i sommarhalvåret, og produksjonen skal skje innafør kvote¹, eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk². Tilskotet vert gjeve til enkelt- eller fellesføretak.

- 1) Jf. forskrift av 7. januar 2003 nr. 14 om kvoteordninga for mjølk § 2.
- 2) Jf. forskrift av 24. juni 2003 nr. 777 om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling

§ 15 Tilskot til vedlikehald av turstiar

Det kan løyvast tilskot til jordbruksføretak som legg til rette for ferdsel på turstiar over/eller i kanten av innmarksareal. Ein kan også få tilskot til vedlikehald av driftsvegar som går i kanten av innmarksareal dersom desse er ein del av ein samanhengande tursti. Det er sett krav om samarbeidsavtale mellom grunn-eigarane om ferdsel over fleire eigedommar. Turstien må vere avmerka på kart og vere merka.

§ 16 Søknad og utbetaling

Frist for søknad er 20. august for alle ordningane unntatt tilskot til organisert beitebruk. Tidspunkt for teljedato for søknadsomgangen 20. august er 1. januar og 31. juli. Det skal nyttast eige søknadsskjema som er utarbeidd av Fylkesmannen i Hordaland.

Ved for seint levert søknad vert det reduksjon i tilskot på tilsvarende måte som for produksjonstilskot, jf. forskrift 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket § 9.

Løyvd tilskot utbetalast til det føretak eller beitelag som har søkt. Tilskotet kan ikkje overførast til annan eige eller pant.

§ 17 Administrasjon, dispensasjon og klage

Kommunen handsamar søknadane og gjer vedtak om tilskot. Fylkesmannen kan i særlege høve dispensere frå reglane i forskrifta. Vedtak fatta av kommunen kan påklagast til Fylkesmannen. Vedtak fatta av Fylkesmannen kan påklagast til Statens landbruksforvaltning.

§ 18 Opplysningsplikt og kontroll

Føretak som får støtte har plikt på seg til å gje alle naudsynte opplysningar som kommunen, Fylkesmannen eller Statens landbruksforvaltning krev. Kommunen, Fylkesmannen og Statens landbruksforvaltning vil føre tilsyn med at utbetalinga er rett og har tilgang til all bokføring, korrespondanse og dokumentasjon som gjeld tilskotet som er gjeve til føretaket. Opplysning gjeve i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling av dei landbrukseigedomar og dyr som føretaket disponerar.

§ 19 Avkorting ved brot på regelverk

Dersom føretaket driv eller har drive si verksemd i strid med regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller delar av tilskotet haldast tilbake inntil tilhøva er retta opp. Er det ved brot på regelverket utvist grov aktløyse eller forsett, kan heile eller delar av tilskotet som tilfell føretaket avgrensast.

§ 20 Avkorting ved feile opplysningar

Dersom føretaket uaktsamt eller med forsett har gjeve feil opplysningar i søknaden som har eller vil danne grunnlag for ei urettmessig utbetaling av tilskot, kan heile eller delar av produksjonstilskotet som tilkjem føretaket avgrensast.

§ 21 Berekning og innkrevjing av avkortingsbeløp mv.

Differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter §§ 19 og 20, kan krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare tilskotsutbetalingar. Tilsvarende gjeld der føretaket som følge av manglande oppfyljing av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunner har motteke ei utbetaling som føretaket ikkje har rett til. Til avkortingsbeløpet som nemnt i første ledd kan det leggst til renter tilsvarende gjeldande morarente.

§ 22 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2009. Frå same dato vert Forskrift om tilskot til generelle miljøtiltak for jordbruket i Hordaland 21.06.2004 oppheva.

